



## Etiske retningslinjer for Austevoll idrettsklubb, Hundvåkøy idrettslag og Selbjørn idrettslag, heretter kalla idrettslaga i Austevoll.

Desse etiske retningslinjene er utarbeida for idrettslaga sine representantar og andre som skal utføra oppgåver som har innhald av tillits-eller ansvarsforhold overfor medlemmane av idrettslaga.

Idrettslaga i Austevoll arbeider for at barn og unge skal utvikla god dugleik og gode haldningar i trygge omgjevningar. Som representant for idrettslaga i Austevoll skal du verna om og etterleva grunnverdiane i idretten, samt gjeldande lovverk.

### Som representant for idrettslaga i Austevoll skal du:

- stå fram som trygg, behandla alle medlemmane likeverdig og førebygga all form for diskriminering, mobbing og seksuell trakassering
- unngå at medlemmar vert framstilt negativt gjennom film, fotografering og annan dokumentasjon. All distribusjon i offentlege kanalar skal skje ved samtykke frå medlemmane og/eller deira føresette.
- ha teieplikt. Informasjon du tek i mot i fortrulegheit frå eit medlem, skal handsamast konfidensielt. Teieplikta gjeld ikkje dersom det er fare for liv og helse.
- ivareta medlemmane sitt beste og vera ærleg og tydeleg i all kommunikasjon med barna/ungdommen i idrettslaga
- leggja til rette for at felles kommunikasjon med barn og unge er open og tilgjengeleg for alle involverte
- ta hand om barn og ungdom sin tryggleik. Det bør alltid vera fleire frivillige til stades når ein er i situasjonar der ein representerer idrettslaga i Austevoll, anten det er trening, kamp, framvising eller reiser i regi av idrettslaget.
- aldri vera ruspåverka når du er saman med barna/ungdommane
- vera kjend med idrettslaga sin beredskapsplan for førebygging og avdekking av seksuelle overgrep og trakassering mot barn/ungdom
- aldri misbruka din makt og autoritet. Det er nulltoleranse for seksuell tilnærming og intim kontakt med utøvarar.

Namn: \_\_\_\_\_

Gruppe/lag: \_\_\_\_\_

Eg samtykker i at idrettslaga i Austevoll er kjend med og har registrert at eg har signert etiske retningslinjer og i tillegg framvist gyldig politiattest.

\_\_\_\_\_  
Stad/dato

\_\_\_\_\_  
Signatur